

Blom Fiskeoppdrett AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Sakshandsamar: Erlend Godø
Telefon: 95915995
Seksjon: Tildelingsseksjonen
Vår referanse: 16/2067
Dykkar referanse:
Vår dato: 21.05.2016
Dykkar dato: 10.02.2016

Att: Øyvind Blom

**H-ØN-36 BLOM FISKEOPPDRETT AS 840215512 - SVAR PÅ SØKNAD OM
GODKJENNING AV LOKALITETENE 11667 GARDSKRÅNESET, 11652
KJEPPVIKHOLMEN OG 10080 LAKSEVIKA FOR VISNING**

1. Innleiing

Fiskeridirektoratet viser til søknad 10. februar 2016 frå Blom Fiskeoppdrett AS om godkjenning av lokalitetane 11667 Gardskråneset, 11652 Kjeppvikholmen og 10080 Lakseвика som lokalitetar i visningsopplegget knytt til visningsløyvet H-ØN-36. Vi viser og til elektronisk korrespondanse i saka 31. mars i år.

2. Bakgrunnen for søknaden

Visningsløyvet H-ØN-36 er per i dag knytt til lokaliteten 14435 Ljøsøy i Øygarden kommune.

Lokaliteten Ljøsøy er underlagt soneforskrift og føresegner frå fiskehelsenettverket. På grunn av krav om brakklegging av Ljøsøy og endra produksjonssyklusar som følge av omlegging til produksjon med større smolt, risikerer Blom Fiskeoppdrett at Ljøsøy kan verte lagt brakk i opp til 11 månader.

Det vert sett ut fisk på lokalitetane i Øygarden (Ljøsøy og Gardskråneset) og i Herdlefjorden (Kjeppvikholmen og Lakseвика) kvart anna år. Samstundes vert det sett ut fisk av ulik storleik, slik at lokalitetane med likt utsett ikkje vert slakta ut på same tid. Dette vert viktigare når ein går meir og meir over til å sette ut stor smolt.

Blom ynskjer å nytte lokalitetane Lakseвика og Kjeppvikholmen i Herdlefjorden til visning når det ikkje er fisk på Ljøsøy eller Gardskråneset i Øygarden.

Blom Fiskeoppdrett samarbeider med Kystmuseet i Øygarden om visningsopplegget. I 2015 vart det opna ei ny heildigital akvakutstilling i

Kystmuseets lokale. Kystmuseet driv visningsopplegget på land, medan Blom driv visningsopplegget på sjø. Visning på lokaliteten Ljøsøy skjer med utgangspunkt frå Kystmuseet.

Gardskråneset ligg i same produksjonssone som Ljøsøy, i Hjeltefjorden, i Øygarden kommune, 5 til 10 minutt sør for Kystmuseet. Dette er nokre minuttar seilas lengre sør enn Ljøsøy. Lokaliteten har 7 120 meters plastringar med gangbane. Det er ein Backer 400 fôrflåte toalett og opphaldsrom, på lokaliteten.

Laksevika er utstyrt med eit stålanlegg med stålflåte. På Kjeppvikholmen er det i 2016 lagt ut nye 160 meters plastringar med gangbane og ny stålflåte. Blom meiner lokalitetane har gode fasilitetar for visning.

Blom fortel i e-post 31. mars 2016 at dei ser føre seg å nytte lokalitetane i Herdlefjorden når det ikkje er fisk å vise frem i Øygarden. Dette vil i praksis skje kvar anna haust. Samstundes ønskjer Blom å ha to lokalitetar i kvar kommune fordi det er fisk av ulik storleik lokalitetane.

For transport til lokalitetane i Radøy kommune vil Blom nytte ei støre, lukka båt som er eigna til å transportere publikum i dei om lag 20 minutta turen vil ta. Blom reiknar med ein fart på om lag 30 knop.

Blom har gode erfaringar med å ta publikum med på båttur, då dette verker å vere vel så viktig for publikum som å sjå stor fisk.

Avslutningsvis i søknaden peiker Blom på at det er naudsynt for dei å drive visningsløyvet heile året for å finansiere det visningsopplegget som dei driv per i dag.

3. Rettsleg grunnlag for Fiskeridirektoratet si vurdering

Det kan verte knytt maksimalt fire lokaliteter til eit akvakulturløyve til visning, jamfør laksetildelingsforskrifta § 34.

Av laksetildelingsforskrifta § 22, femte ledd går det frem at formålet med visningsløyver er:

Akvakultur av matfisk til visningsformål skal bidra til å styrke kunnskapen om akvakultur hos publikum.

Dei særlege vilkåra for vurdering av lokaliteter til visningsformål går frem av laksetildelingsforskrifta § 27 som lyder:

Det stilles krav om at akvakulturvirksomheten skal være særlig egnet for formidling, og tilrettelegges for publikum, herunder vektlegges egnethet av omsøkt lokalitet.

I vurderingen av om tillatelse skal gis, kan det blant annet legges vekt på avstanden til andre akvakulturvirksomheter med visningsformål og om akvakulturvirksomheten vil ligge i nærheten av andre større turistmål.

4. Fiskeridirektoratet si vurdering

Blom Fiskeoppdrett søker om å kunne nytte lokalitetane 11667 Gardskråneset, 11652 Kjeppvikholmen og 10080 Laksevika som lokalitetar i visningsopplegget knytt til visningsløyvet H-ØN-36.

Per i dag er løyvet berre knytt til 14435 Ljøsøy i Øygarden kommune. Dette fører til at Blom i periodar i opp mot elleve månader ikkje har fisk å vise frem til publikum.

Lokalitetane Kjeppvikholmen og Laksevika ligg i Herdlefjorden i Radøy kommune om lag 6 og 8 nautiske mil aust for visningssenteret ved Kystmuseet på Oen. Med ein marsjfart på 30 knop reknar Blom med at seglingstida vert rundt 20 minutt til Kjeppvikholmen og nokre lenger til Laksevika.

Fiskeridirektoratet vurderer at avstanden til lokalitetane Kjeppvikholmen og Laksevika er noko lenger enn ønskeleg med tanke på tilgjenge for publikum. Fiskeridirektoratet legg til grunn at besøket på sjøanlegget er ein av dei aller viktigaste delane i eit visningsopplegg, og at avstanden til visningslokalitetane difor bør vere så kort som mogeleg.

Vi tolkar søknaden frå Blom slik at Kjeppvikholmen og Laksevika i hovudsak skal verte nytta i visningsopplegget når lokalitetane Ljøsøy og Gardskråneset er lagde brakk, eller på andre måtar er utilgjengelege for visning, eller når omsyn til kvalitet i visninga krev at det vert vist frem fisk av ulik storleik under same visning.

Fiskeridirektoratet vurderer etter dette at Blom Fiskeoppdrett treng fleire visningslokalitetar. Vi vurderer og at med det visningsopplegget som er skissert, så oppfyller lokalitetane Gardskråneset i Øygarden kommune, Kjeppvikholmen og Laksevika i Radøy kommune krava i laksetildelingsforskrifta §§ 22 og 27 om tilrettelegging for publikum og at dei er eigna for formidling.

5. Fiskeridirektoratet sitt vedtak

Med heimel i laksetildelingsforskrifta § 27, jamfør § 34 første ledd, godkjenner Fiskeridirektoratet med dette lokalitetane 11667 Gardskråneset, 11652 Kjeppvikholmen og 10080 Laksevika som visningslokalitetar, og gir på nærare vilkår tilsegn om at dei kan verte klarerte for visningsløyvet H-ØN-36.

6. Vilkår

- Fiskeridirektoratet set føre at visningsopplegget til Blom Fiskeoppdrett vert ført vidare med same, eller auka, kvalitet og omfang som tidlegare.
- Fiskeridirektoratet set føre at Hordaland fylkeskommune klarerer lokalitetane 11667 Gardskråneset, 11652 Kjeppvikholmen og 10080 Laksevika for løyvet H-ØN-36. Om lokalitetane ikkje vert klarert for løyvet, fell tilsegnet gitt i dette vedtaket bort utan vidare varsel. Søker må i eit slikt tilfelle fremje ny søknad om nye lokalitetar til Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga.
- Løyvet H-ØN-36 kan verte trekt attende om vilkåra satt i dette tilsegnet ikkje vert etterlevde, eller om drifta viser seg å vere i strid med føresetnadane for løyvet eller i strid med laksetildelingsforskrifta.
- Løyvet kan ikkje verte brukt på andre lokalitetar enn dei lokalitetane som er nemnde her utan nytt løyve frå Fiskeridirektoratet.
- Det er ikkje høve til å avvise å frakte publikum ut til lokalitetane med den grunngjeving at det ikkje er lønsamt med få gjester.
- Fiskeridirektoratet set føre at det for transport til visningslokalitetane vert nytta eit slikt eigna farty som nemnd i søknaden, og som er med å gjøre visningsopplegget tilrettelagt for publikum

Klagerett

Dette vedtaket kan verte klaga på – sjå vedlagte skjema (. \.). Klagefristen går ut tre veker etter at melding om dette vedtaket har kome frem til Blom Fiskeoppdrett AS, jamfør forvaltningslova § 29, første ledd.

Klageorgan er Nærings- og fiskeridepartementet, men ei eventuell klage skal skrivast og sendast til Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelingen.

Med helsing

Anne B. Osland
konstituert seksjonssjef

Erlend Godø
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Blom Fiskeoppdrett AS	Ulvøyvegen 130	5337	RONG
-----------------------	----------------	------	------

Vedlegg

H-ØN-36 Blom Fiskeoppdrett AS 840215512 - Svar på søknad om
godkjenning av lokalitetene 11667 Gardskråneset, 11652
Kjeppvikholmen og 10080 Laksevika fo